

Grønlia – Grønlien (gnr. 134)

Grønlia: Gardsnamn som i dette tilfelle mest sikkert kjem av fargenamnet grønn , grøn, grøn li. Skrivemåten av namnet har vore uvanleg stø og så å seia utan avvik dei siste 3-400 år.

I skrivne kjelder finn ein Grønlia nemnt i Manntalet for Bygningsskatten 1594. Namnet er da skrivne Grønnelid, og garden vart ført i gruppa for ”Hallfue Gaarde”. I lista over Tiendekorn 1604 er gardnamnet skrivne Grønlie, og tienda vart utreidd med 3 mæle som t.d. for Flygstad. Elles var det da også ein ødegard Gronlie, det Lauridz var brukar. År 1629-30 vart det innkravd ein ekstra Leiglendingeskat, og det går fram at Asbjørn Grønliid betalde den utlikna skatten med i dalar i penger.

På 1600-talet finn ein så garden Grønlien fleire gonger både nemnt og omhandla og lærer etter kvart å kjenne garden godt.

I manntalet for Kopskatten 1645 er det såleis fortalt at Peder Grønli betalde den utlikna skatten for 1 Mandfolch og 1 Quindfolch med tilsaman i mark i pengar. Truleg var dei to brukarfolka på garden i den tid. Av den særskildte kjelda Manntalet for kvegskatt 1657 går det vidare fram at det da var to brukarar i Grønlien. Brukar på den eine garden var Engebret Grønlien, og han hadde ein buskap på 2 hopper, 7 naut, 9 geiter og 10 sauer. Hos Peder på ødegarden Grønlien var buskapen derimot berre 4 naut og 5 sauer. I mannskjønnsmanntalet 1665 vil ein finne namnet på den mannen som skulle bli stamfar for ætta på søre Grønlien. Det var Jacob Pedersen, og han var da 45 år. Elles er det da under Grønlien opplyst at landskylda av garden da var 1 hud

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om Grønlien i Fåberg vidare fortalt at brukaren der ganske riktig heitte Jacob, og at landskylda av garden var 1 hud. Men eigar av garden var da ”Welb.Oluff Rytters Arffinger”, så Jacob var altså berre bygselsbonde eller leiglending.

Vidare er det om garden fortalt at enga, innmarka der var ”schrien och liger till feeldtz, Kand ej forbedris” Men det var skog til brendevad, og seter og sommerbeite til krøtera på ”StuelenSetter”. Buskapen av store husdyr var 1 hest og 6 naut, og korntienda vart utreidd med 1 tønne, som altså svara til ei årleg kornavling på 10 tønner. Det er elles oppgitt at landskylda og kunne svarast med 1 ½ pund 4 merker smør.

Jacob Grønlien var og brukar av garden 10 år seinare. Han betalde da den ekstra Leilendingsskatten 1678 med 2 1/2 dalar i pengar.

Av 13. mai 1681 er elles ei sak som vart avgjerande for utviklinga i Grønlien: Hr. amtmann Bielche gav da skjøte til Lauritz (Lars) Paulsen Grønlien på jordgods til ei ½ hud ”i hans påboende gård Grønlien i Fåberg.” Samtidig gav og hr. amtmann Bielche også skjøte til Hans Hansen Grønlien på den andre halvparten av garden, også Grønlien av skyld ½ hud. Dermed var grunnlaget lagt for to så å seia jamstore Grønli-gardar, og det skulle vise seg at dette vart ei varig ordning.

Lauritz Paulsen som da kjøpte den eine halvparten av Grønlien, heitte egentlig Lars Paulsen Suttestad, og han selde i 1696 denne sin halvdel av Grønlien vidare til sonen Tosten Larsen. Det var dette bruksnummer av garden som seinare vart kalla Nordre Grønlien. Vi merker oss elles med det same at den nye odeleigande bonden i Grønlien søre altså heitte Hans Hansen.- Etter denne felles fortidssoga går vi så over til å føre soga til dei to Grønli-gardane fram til vår tid kvar for seg, og vi vel først å granske soga til

Grønlien søre:

Hans Hansen på Søndre Grønlien hadde ein son, Nils Hansen, f. 1674. Han gifta seg kring år 1700 med Kjersti Jonsdtr., og dei fekk to søner. Av dei var Christen eldst, men han overdro gården Grønlien med odels- og åsetesrett til den yngre bror Jon Nilsen. I mellomtida kom i 1723 det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Grønlien søre fortalt at garden ligg i bratta og var tungbrukt, men jordarten var god, ”dog noget vaadlent”. Men det var skog til brendevod og gjerdefang, ”samt fornøden hustømmer. Setra hadde berre ”maadelig hamn”, men det var utslåtter til 2 lass høy og høyavlinga i det heile utgjorde kring 20 lass. Husdyrhaldet på garden var da 2 hestar, 12 naut, 8 sauer og 6 geiter, og den årlige utsæd av korn utgjorde 3 tønner bygg og litt rug. Det er elles opplyst at Grønlien søre hadde kvern saman med Grønlien nordre og Kjetlien.

Dem 8. oktober 1732 var det synfaring og verdsetting i Grønlien. og denne saka er etter utskrift av tingboka referert slik:

”Grønlien (søndre) i Fåberg.

Besiktigelse.

8.oktb.1732.

Søndre Grønlien skylder 6 skind og tilhører oppsidderen Niels Hanssen som angir at han kan så 2 ½ tønne bygg og havre og holde 2 heste, 12 nôt og 10 sauer, men ingen geiter. Felles mark og skog til husnytte. Akerjorden er måtelig, beliggende i baklien, våt og grunnlendt. Bør herefter skylde 9 skind og svare ødegårdsrettighet.”

Samtidig vart og ei liknande synfaring og verdsetting og med same konklusjon halde på Nordre Grønlien.

Om ei stor ulykke handlar eit tingsvitnemål av 1737 og 1739. Saka har elles etter utskrift denne ordlyden:

”Grønlien i Fåberg

Fliflet, 15.juni 1737

Niels Hanssen Søndre Grønlien beklaget sig vemodig over en ulykkelig vådeild som oppsto i hans hus 27. mai sistl. da 9 bygninger brente ned, det 10. de blev nedrevet og alene kornlåven og stabburet ble reddet. Klær, husgeråd, matvarer m.m brente. Han fremstillet vidner og begjærte tingsvidne.”

”Grønlien i Fåberg.

Fliflet i Fåberg 17.febr. 1739

På fogdens spørsmål ang. grd. Søndre Grønlien. som Niels Hanssen bebor og som for 2 år siden blev lagt i aske, svarte almuen, at Niels Grønlien har gjenoppbygget de fleste og nødvendigste bygninger, men ikke alle som brendte. Men da han er en flittig og arbeidsom mann, er det å formode at han så snart som mulig setter gården i bebørlig stand, helst da er hans odelsgård.”

Odelseigaren og brukaren Niels Hanssen brukte Grønlia søre til i 1742. Da skjøta han garden over til sonen Jon Nilsen for kjøpesum 90 rd. + føderåd til foreldra, og det er samtidig opplyst at landskylda av garden da var høgda til 9 skinn. Dessutan går det fram at den nye brukaren Jon hadde ei søster, Anne Nilsdtr. Grønlien, som da var gift med Erik Olsen Stræte. Jon Nilsen som da tok over som husbonde på garden, var gift 2 gonger, først med Kjersti Larsdtr. og så med Anne Rasmusdtr. Besrud. Men i 1752 var husbonden Jon Nilsen alt død, og det var skifte på ”Grønlien søndre i Faaberg.” Ved dette skiftet var jordegodset i arvebuet, Søndre Grønlien av skyld 9 skinn, verdsett til 100 rd, og buet utgjorde brutto 419 rd. og netto

386 rd. Arvingane ved skiftet var foruten enka Anne Rasmusdr. dei to borna i ekteskapet. Av dei var sonen Rasmus da 6 år, og søstra Kirsti var da 4 år.- Enka Anne Rasmusdr. Grønlien brukte så gården sjølv i 1757, da ho gifta seg oppatt med Jens Erlandsen Nordre Grønlien. Tolv år seinare var det ein slekting Ole Knutsen Østereng i Gausdal som hadde ættegarden Grønlien søre. Han gav da skjøte til Rasmus Johnsen f. 1746 for kjøpesum 150 rd.- Rasmus Johnsen Grønlien f. 1746 gifta seg i 1768 med Guri Christensdr. Smestad, også fødd i 1746, og dei fekk fleire born. 1. Kristen f. 1769, død 1775, 2. Ane f. 1772, død 1775. 3. Anne f. 1775.- Her døde altså baa dei eldste borna i smittsom sjukdom i 1775.

Det var fryktelig som smittsomme sjukdommer kunne herja i dei tider. I dette tilfelle døde og faren i den same farang i mars måned 1775. Faren, Rasmus Johnsen døde den 4. mars, dottera Ane døde den 6. mars, og sonen Kristen døde den 9. mars. Dessuten døde Kristen Grønlien, 73 år den 6. mars, så det låg da 4 på likstrå i Grønlien samtidig. Enka Guro Christensdr, Grønlien gifta seg oppatt i 1776 med Hans Tordsen Blegen f. 1741, og dei fekk 5 born: Dei var: 1. Rasmus f. 1777, død 1801, 2. Marit f. 1779. 3. Agnete f. 1783 gift men Even Asbjørnsen Askjelrud, 4. Fredrik f. 1785, g. 1812 med Sønnøv Jacobsdr. v. Vedum, 5. Sessel f. 1788, g. 1813 m. Jacob Halvorsen ved Galtrud.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde 1 familie på Søndre Grønlien. Det var: 1. Hans Tordsen, husbonden 60 år. 2. Guro Christensdr. kona hans 56 år. 3. Rasmus Hansen, son deres, 24 år, 4. Marit Hansdr., dotter deres 12 år.

Husbonden Hans Tordsen brukte Grønlien søre til i 1808. Da skjøta han garden over til sonen Fredrik Hansen f. 1785 for kjøpesum 600 rd. + føderåd til foreldra Hans Tordsen og hustru. Frå 1813 gav dessuten brukaren også føderåd til Beret Amundsdr.

Litt om storleiken på garden i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Grønlien søre fortalt at husdyrholdet på garden var 1 ½ hest (i sambruk med Nordre Grønlien) og 14 storfe, vidare var den årlige kornavlinga kring 36 tønner.- Ved matrikuleringen i 1838 vart den gamle landskylda skifta ut i ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Søndre Grønlien fekk da som si nye matrikkelskyld: 4 skylddalar 1 ort 9 skilling, og det var enda Fredrik Hansen som var eigar og brukar av garden. Men 3 år seinare selde så Fredrik Hansen garden til Ole Kristensen Røslie, som i 1842 skjøta garden vidare til Syver Elias Olsen. Men i 1849 kjøpte så ved auksjon lensmann Seilstad og procurator Bjerck garden Grønlien søre med Flygstadvollen for kjøpesum tilsm. 400 spd.- Prokurator Bjerck og lensmann Seilstad hadde så garden isaman til i 1853, da dei selde Grønlien søndre til Christian Christensen Stræte for 600 spd.

To år seinare var det i 1855 skylddelingsforretning i Grønlien, og eit jordstykke kalla Haugen vart da skyldlagt til 20 skill. og selt av Christian Stræte til Ole Olsen Gulliksveen for kjøpesum 100 spd.- Etter atter 9 år kjøpte så Ole Olsen Gulliksveen og hovedbruket Grønlien søre av Christian Stræte for kjøpesum 800 spd. Samtidig lånte kjøperen mot obligasjon tils. 600 spd. av søskna: Anne. Christine, Oline, Simen og Andreas Stræte.

Husmannsplassen øvre Grønlienga er omhandla i 1865. Ole Olsen gav da husmannsseddel til Ole Johannessen og kona hans på denne plassen mot årlig avgift 10 spd. Av same året, altså 1865, er ei kontrakt mellom Ole Olsen Grønlien og Christian C. Stræte om bruken av ”den såkalte Storløkke paa Sæteren Kinden”.

I samband med folketellinga og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Grønlien søre oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 169 mål, og av dette var 48 mål jord av 1.klasse. Samtidig er det oppgitt at husdyrhaldet i Søndre Grønlien med husmannsplass var 1 hest, 12 storfe og 14 småfe, og den årlege utsæd var 5-6 tønner korn og 5-6 tn. settepoteter.

Året etter gav i 1866 Ole Olsen Grønlien skjøte til Hans Jensen Gruen på grd. Grønlien søre, da av skyld 4 dalar 13 skilling, for 1000 spd.

Hans Jensen Gru(v)en f. 1820 var gift med Marte Amundsdr. Ellingsberg, og dei fekk 4 born: 1. Anna f. 1858, 2. Amund f. 1861, 3, Sessel f. 1867, 4. Ingeborg f. 1871.

I 1876 var det atter skyldelingsforretning i Grønlien søre, og ein parsell også kalla Grønlien søre vart skyldsett ifrå og seld til Hans Kristensen Flygstadhaugen for kjøpesum 100 skd.

Ved matrikkuleringa i 1886 fekk Grønlien-gardane felles gardsnummer, og vi vel nå å føre sofa åt Grønlien nordre fram til 1886.

Nordre Grønlien

Lars Paulsen Suttestad som i 1681 fekk skjøte av amtmann Bielche på Grønlien nordre av skyld ½ hud odelgods med bygsel, skjøte i 1696 garden vidare til sonen Tosten Larsen. Ti år seinare let Tosten Larsen på tinget på Mæhlum tinglesa sitt kjøpebrev også på åsetsretten til Grønlien, også utstedt av kaptein Bielche. Av fem år seinare er en bevilgningsseddel på ei seterlykkje på Kinden seter, som fogden utstedte til Tosten Larsen.

Tosten Larsen, som da var vorte eigar og brukar av Nordre Grønlien, var gift med Magnhild Olsdr., og dei hadde 3 born. Dei var: 1. Marit f. 1692, gift med Erland Eriksen Wedum, også d. 1692. 2. Anne f. 1699, g.m. Iver Pedersen Iverslien Uggedalen, 3, Kirstie f. 1703, sjuk på sinnet.

Men i 1723 var husbonden Tosten Larsen død, og det var skifte på ”Grønlien nordre i Faaberg”. Same året kom elles matrikkelframlegget av 1723 med fleire opplysningar om gardane.

Der er det om Grønlien nordre fortalt at garden ligg i baklia, og at den var tungbrukt. Men jordarten var ”temmelig god, dog noget vaadlent”. Husdyrhaldet på garden var da 2 hestar, 12 naut, 8 sauer og 6 geiter, og den årlege utsæd av korn utgjorde 3 tønner bygg og litt rug. Det er vidare opplyst at det var skog der nok til brenneved og gjerdefang ”samt fornødent hustømmer”. Som for søre Grønlien er det oppgitt at dei to Grønlien-gardane og Kjetlien hadde kvern isaman.

To år seinare fekk så i 1725 odelsarvingen Marit Torsteinsdr. og mannen hennar, Erland Eriksen, søskenskjøte på Grønlien nordre. Garden fekk under dei ei rik framgangstid, og det vart etter kvart ein stor barneflokk i tunet. Borna av Erland og Marit Grønlien var: 1. Erik f.1720, 2. Tosten f.1723, 3. Ole f. 1727, 4. Jens f.1729, 5. Hans f.1731, 6. Peder f.1734, 7. Anne f.1737.

Det var i Erland Eriksen si brukartid det i 1732 var synfaring og verdsetting av Grønligardane med det resultat at landskylda på kvar av gardane var høgda til 9 skinn.

Erland Eriksen var framleis brukar i Nordre Grønlien i 1746. Han gav da framfødselskontrakt til enka Kirst Torgersdr. som ikkje lenger såg seg ”istand til at fortjene sit brød”. - Men 9 år seinare var i 1755 Erland og Marit Grønlien vorte samde om å skifte med borna sine medan dei bae foreldra var i live. Ved dette skifte vart jordgodset i arvebuet Grønlien da av skyld netto 365 rd. Dei 7 før nemnde borna var da framleis alle i live, og det er opplyst at eldste sonen Erik Erlandsen, i 1749 var vorte gift med Anne Olsdr. f. 1718.

Erik Erlandsen og Anne Olsdr. som tok over som husbondsfolk i Nordre Grønlien i 1755, fekk og fleire born. Dei var 1. Erland f.1750, 2. Marit f.1753, 3. Ole f.1756, 4. Beret f.1759, 5. Sigrid f.1762, 6. Lars f.1767.

Erik Erlandsen brukte så ættegarden Grønlien nordre til i 1775, da skjøta han garden over til eldste sonen Erland Eriksen, f.1750, for kjøpesum 290 rd. - Tolv år seinare var i 1787 gamle

Erik Erlandsen død, og det var skifte i samband med dødsfallet, Ved dette skifte er det vidare opplyst at dottera Marit Eriksdr. f. 1753 var gift med Thomas Brandslien, og dottera Beret f.1759 var gift med Johs. Simenrud.

Erland Eriksen f. 1750, som tok over som brukar og eigar av Nordre Grønlien i 1775, var gift med Sessel Nilsdr. og dei fekk 4 born. Dei var: 1. Erik f.1776, 2. Nils f.1780, død1782, 3. Anne f.1783 g.m. Ole Olsen Flugstad, 1803, 4.Nils f.1791, g.m. Kari Toresdr. Flugstad(haugen) f.1794.

I år 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da en familie på Nordre Grønlien. Det var 1. Erland Erichsen, husbonden, 51 år, 2.Sessel Nilsdr., kona hans, 53 år, 3. Erik, son deres, 25 år, 4. Anne, dotter deres, 18 år, 5. Nils, sonen deres, 10 år, 6. Anne Olsdr., mor til husbonden, føderåds kone, 73 år, 7. Lars Eriksen, tenestekar, 33 år.

Erland Eriksen, f.1750 brukte ættegarden Grønlien nordre til i 1704, da han skjøta garden over til eldste sonen, Erik Erlandsen f.1776, for kjøpesum 399 rd, og føderåd til forelda.

Men den nye brukaren, Erik Erlandsen, døde alt i 1805, berre 35 år gammel. I samband med dødsfallet var det så atter arveskifte på ” Grønlien i Faaberg”. Ved dette skiftet vart jordegodset i arvebuet, Grønlien gard, verdsett til 450 rd., og buet utgjorde brutto 850 rd, og netto 382. Arvingane ved skiftet var forutan enka Kjersti Thomasdr. det einaste barnet i ekteskapet, vesle Erland Eriksen, som da var 1 ½ år.

Enka Kjersti Thomasdr. gifta seg så oppatt med Ole Pedersen Lilleberget, og dei fekk 3 born. Dei var: 1. Erik f.1832, 2. Matea f.1833, 3. Karen f.1825.

Litt meir om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Nordre Grønlien fortalt at buskapen av store husdyr da var 1 1/2 hest (i sambruk med Grønlien søre) og 14 storfe, og den årlige kornavlinga utgjorde kring 36 tønner. - Same året, altså i 1819 var det og ei synfaring og skjønnsforretning ved Grønlien sag, som Ole og Fredrik Grønlien hadde isaman.

Sytten år seinare gav i 1836 husbonden i Nordre Grønlien skjøte til odelsarvingen Erland Eriksen. Ved matrikuleringa i 1838 vart den gamle landskylda skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling, og baa Grønlien-gardane fekk da like stor matrikkelskyld, nemlig 4 skylddalar 1ort og 9 skilling. På Nordre Grønlien var det da framleis Erland Eriksen som var eigar og brukar.

Erland Eriksen brukte så Grønlien nordre til i 1850, da han skjøta garden over til Hans Pedersen Smedsrud. Samtidig selde og Erland Eriksen Grønlien og ein parsell, bruksnr. 5, Storløkken, til Christian Christensen Stræte for 15 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart de publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Nordre Grønlien oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer utgjorde 162 mål, og av dette var 53 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det opplyst at husdyrhaldet i Nordre Grønlien med plassar var: 3 hestar, 11 storfe og 12 småfe, og den årlege utsæd av korn utgjorde 6 1//2 tønne og av settepoteter ca. 5 tønner.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnr. og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Baa Grønlien-gardane fekk da felles gardsnr. 134, av samla skyld 13,95 mark, og det var da 5 bruksnr. under gardsnr. 134 Grønlien. Det var: a. Grn.134 Grønlien søndre av skyld 6,36 mark, som Hans Jensen altså hadde overtatt, b. brn. 2. Haugen, skyld 0,24 mark, som

Jon Jensen Arlistuen hadde tilhandla seg, c. brn. 3 Grønlien søndre, skyld 0,11 mark, som Hans Kristiansen Flygstadhaugem var brukar av, d. brn, 4. Grønlien nordre av skyld 7,14 mark med Hans Pedersen som eigar og brukar, e. brn. 5 Storløkken, skyld 0.10 mark, eigar ell. brukar: Iver Jensen Gruven.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da skjedd skifte av grn. 134 brn. 1. Grønlien søndre var selt til Amund Hansen, brn.3 Grønlien søndre var da overtatt av Simen Hansen likeså hadde brn. 4 Grønlien nordre skifta eigar og tilhørde da Peder Hansen, og brn. 5. Storløkken var ivertatt av Johannes Iversen.

Som eit streif av nyare tid tek vi med at ved kommunevalet i 1907 budde det etter dette 10 personer i eller ved Grønlien. Dei var: 1. gardbr. Amund Hansen Grønlien, 47 år. 2. husmor Johanne Evensdtr. Grønlien, kona hans 46 år. 4. gardbr. Peder Hansen Grønlien, 58 år. 5. husmor Kristine Olsdtr. Grønlien, kona hans, 54 år. 6. Husmann Even Andressen, 48 år. 7. husmor Hanna Hansdtr. kona hans. 46 år. 8. føderådsmann Jon Jonsen Grønlishaugen, 9. Sersjant Edvart J. Grønli, Grønlishaugen, 10. husmor Julie Johansdtr. Grønli, 28 år.

Av handlar i seinare tid med Grønlien og/eller parsellar av garden tek vi elles med at i 19-tilhandla Arnt Brubakken parsellen grn 134 brn. 6 Brudal av skyld 0,05 mark, og i 1911 tok Hans P. Grønlien over Nordre Grønliia etter foreldra Per Grønlien og Kristine f. Høglien. Likså overtok i 1935 Hans A Grønlien søre etter sine foreldre Amund Grønlien og Johanne f. Laderud.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa i 1939 fire bruk med eit jordbruksareal av åker, hage og eng kvar for seg på meir enn 10 mål (da). Det var a. grn. 134, brn. 1 Grønlien med eit jordbruksareal på ca. 65 mål, som H.A. Grønlien framleis var eigar og brukar av, b. brn. 4. Grønlien, jordbruksareal ca. 80 mål, som Hans P, Grønlien var eigar av, c. grn. 134, 135. brn. 2, 4. Haugen, jordbruksareal ,ca. 30 mål, som tilhørde Jørgen Grønlien, d, grn. 134, 139, brn. 6, 15 Brudal, jordbruksarea ca, 14 mål, som Arnt Brudal var eigar og brukar av.